



DEI TI FRIVILLIGPOLITISKE BODA

1 Kjenn det frivillige livet i kommunen din

Hent inn kunnskap om dei frivillige organisasjonane. Kva driv dei med? Kva mål, ressursar og utfordringar har dei? Vil dei samarbeide meir med kommunen, næringslivet og/eller andre organisasjonar?

2 Vedta ein heilskapleg kommunal frivilligpolitikk

Inviter heile breidda av frivillige organisasjonar til dialog. Tenk på å gje plass til det frivillige livet i all kommunal planlegging. Frivilligpolitikken bør bli revurdert ved nytt kommunestyre.

3 Anerkjenn det frivillige livet sin eigenverdi

Frivillige er frie og villige – til å gjere det dei vil. Det må dei få lov til å vere, elles dør det frivillige ut.

4 Forenkling gjev meir frivillig innsats

Tid som går til byråkrati kan nyttast på meir frivillig innsats. Gjennomfør tiltak som forenkler søknadsskriving, rapportering og kontakt med kommunen.

5 Legg til rette for eigenutvikling blant dei frivillige

Vis organisasjonane tillit og legg til rette for at dei kan nå sine egne mål. Då når kommunen også mange av sine mål.

6 Skap dialog med dei frivillige organisasjonane

Skap faste møteplassar for organisasjonane. Rådfør dykk med dei frivillige organisasjonane. Gje kommunalt tilsette opplæring i mangfaldet blant dei frivillige, slik at dei kan invitere alle med. Hugs at frivillige ofte jobbar, så møter må vere etter arbeidstid!

7 Anerkjenn og støtt opp om verdien av frivillig innsats og deltaking

Frivillige organisasjonar er «vaktbikkja i samfunnet» og skapar mellom anna utvikling i lokalsamfunnet. Dei bygger kunnskap og sosiale møteplassar, gjev tilhøyrslø, driv opplæring i demokrati og er helsefremjande.

8 Gje frie middel

Frie middel er ein føresetnad for at det frivillige livet kan vekse på eigne premissar.

9 Ikkje konkurrer med dei frivillige organisasjonane

Legg til rette for betre rekruttering av frivillige til organisasjonane. Ikkje «stel» dei frivillige frå organisasjonane for å utføre kommunale tiltak.

10 Skap føreseielege rammer for det frivillige livet

Føreseielege rammer skaper berekraftig drift og utvikling for dei frivillige. Eit eksempel er å legge til rette for lokale som frivillige kan nytte.



FRIVILLIGHET
NORGE

